

Økologisk frukt



Rådgjevingsmelding nr. 8 2022

Utvikling

Tynningsarbeidet er i full gang i eple- og plommefelt. Det er viktig å bruke passe lang tid på tiltaket. Ta plomme først, epla til slutt. 'Aroma' kan lett bli for stor, så der kan ein vurdere å ta vekk dei største karta. For andre sortar som 'Discovery' må ein setje igjen dei største karta.

Det er nå synleg både epleskurv og insektskadar. Er det mykje epleskurv bør ein fortsetje skurvsprøytinga. Bladlus bør ein holde i sjakk. Spesielt i nyplantingar og ved angrep av raud eplebladlus. Larver som er inni eple kan ein finne i utsette felt, både liten fruktviklar, epleviklar og rognebærmøll kan ein sjå i eplekarta no.

Vatning og gjødselvatning

Austlandet må fortsette å vatne. Spesielt viktig er det i felt på lettjord.

Vèrdata finn du her: <https://lmt.nibio.no/>

Vatningsbehovet: [VIPS - vanningsbehov \(nibio.no\)](#)

Oppbinding av toppar

Etterkvart som fruktene blir større, så er det også særskilt viktig å sjå over oppbindinga av trea slik at toppane ikke har for stor avling og/eller knekk av tyngda av frukta. Knytt opp trea så høgt som oppstøttinga rekk og tynn evt. ut eller fjern frukt i toppen om det er for mykje. På unge tre av Discovery som enno ikke har nådd full trehøgde(dvs. når over øvste strengen), bør ein fjerne all frukt på og langsetter toppskotet, slik at treet får fri vekst oppover.

Ugras

Gras og ugras

Fres felta kvar tredje veke. Alternativet er å bruke ljå eller grastrimmar. Unngå å treffe stamma og la det heller stå igjen nokre grastustar enn å drepe trea. Graset i

køyregangen kan med fordel holdast kort. Enkelte praktiserer å slå annankvar rekke i køyregangen per gong, for å alltid ha ein del av nyttefaunaen intakt og operativ.

Skurv og skurvsprøyting i kjernefrukt

Som tidlegare tilrådd, så bør ein ut i felt og kikka om ein ser etablert skurvsmitte på blad eller frukt. Om ein ser skurflekker så bør ein halde fram skurvsprøyting ved regnvær ut sesongen, for å hindre at smitten breier om seg. Sjå då på værmeldinga og RIMpro scabb secondary jfr. tidlegare forklaringar om Rimpro. Køyr så Thivit Jet 300 g/daa før regn. Ein må gjenta behandlinga ofte for å hindre nedsmitting av nye plantedeler. For meir informasjon om skurv: [Skurvbekjempelse i økologisk epledyrking | NLR Vest](#)

Ulike skadesymptomer

Det er fleire skadar ein kan sjå skade av på eplekarten no. Forskjellen på skadane er viktig å lære seg, slik at tiltak blir mot rett problem.

Insekt



Rognebærmøll i 'Gravsenstein' rett før hausting. Stikka er synlege på utsida av fruktene, gjerne med litt fruktsaft. Inni eple er det slyngete, tilfeldige gangar.




*Larvegnag etter blomstring.
Kan være mange artar som er
årsak til skaden. Tynn bort
skadde kart.*



*Liten fruktvikler lager tynne
gangar innover i eple.*





Epleviklar er rekna som eit austlandsproblem, men kan nok komme i andre landsdelar. Larven lagar stor, grisetgang inn mot kjernehuset.

Heksekost



Heksekost er synleg som neste års knoppar bryt no og utover hausten. Det blir då typiske bustete greiner, gjerne lettast å sjå siden bladfargen er lysare enn resten av trea. Meldeplikt til Mattilsynet.

Soppar



Monillia er vanleg å finne i frukthagen. Så lenge skallet er heilt er soppen ikkje noko problem. Råtningen medfører at epleklasar i nærleiken blir smitta. Fjern monillia-eple.



Epleskurv går lett over på eplekarten om det er forhold for det. Kraftig angrep som på bildet vil karten sprekke opp og råtne.

Bladlus

For mindre angrep, på småtre og/eller der lusa er kome lenger i utvikling er punktprøytning på lusetoppar med konsentrat mot insekt innehaldande pyretrin (ulike handelsnamn). Dette må gjerast fleire gonger etter oppskrift på etikett. Behandlinga

er dyr. Dessutan er midla harde mot nyttefaunaen og bør berre nyttast om ingen andre tiltak har lykkast.

For lovlege preparat for økologisk drift sjå;

<https://www.mattilsynet.no/plantevernmidler/oko.asp>

Tynning

Dei fleste har starta tynninga no. Fjern dei minste karta, dei som er har skade eller insektsgnag og set igjen dei finaste. For sortar som eplestorleiken er i overkant store eks 'Aroma' og 'Holsteiner Cox' kan ein med fordel ta bort dei største karta om ein tenkjer omsetting som konsumepler. For småfalte sortar som 'Discovery' skal ein alltid setje igjen dei største karta.

